

Månadsbrev for juli 2026.

Kjære rotaryvenner !

I dag den første juli har eit nytt rotaryår starta.

Eg vil som årets distriktsguvernør nytte høvet til å takke for tillita. Deretter vil eg takke alle som har gått ut av sine verv i klubb og distrikt og ønske alle nye lukke til med rotaryåret som no ligg blankt framføre oss.

Mitt namn er Robert Arent Voldnes. Eg 61 år gift og har tre vaksne barn og eit barnebarn. Jobben min er som seniorrådgiver i innovasjonsselskapet ÅKP AS (Ålesund Kunnskapspark) i avdeling for Strategi og Forretningsutvikling.

Min klubb er Herøy RK der eg kom inn i 2004. Herøy RK ligg i Møre og Romsdal og er klubben aller lengst vest i distriktet og der vi skal ha årets distriktskonferanse (Fosnavåg og Thon Hotel).

Eg overtok kjede og klubbe i Fosnavåg den 15 juni. Der fekk eg som første oppgåve å få takke av Morten Mo og heidre han med ein Paul Harris Fellow. Morten var og styreleiar i NORFO.

Morten blir heldigvis med oss vidare i styret eitt år til -då som DICO og District Trainer. Morten vil ha ei sentral rolle i lag med Torunn Elle på kommunikasjon inn mot dei nye heimesidene. Desse får vi eit innblikk i under distriktskonferansen.



Glimt frå guvernørskifte i Fosnavåg 15 juni. Fv. Gunnar Kvalsund, Morten Mo, Robert Voldnes, Dagny Sjaatil, Kristin Wangestein og Lidun Hareide.

Årets RI-president Olayinka Babalola har valt “Create Lasting Impact” - som årets rotarymotto.

Hans mål er at mange fleire skal få oppleve alt det gode rotaryrørsla gjer for å skape varige endringar – samt at vi må hugse på å ha det kjekt i lag medan vi gjer det. Det er ein bodskap som vi lett kan vere samde i.

Det å utføre lokale og internasjonale prosjekt som set spor og skaper varig påverknad er noko som Rotaryrørsla har vore gode på sidan starten.



Distriktskonferansen i Fosnavåg helga 18-20 september!

Eg må nytte høvet å minne alle om rotaryårets Distriktskonferanse på Thon Hotel Fosnavåg - 19 september 2026. Sjølv om fristen var 1 juli er det råd å hive seg på fortsatt !

På distriktskonferansen vil mellom andre Nobelprisvinnarane May Britt Moser og Edvard Moser ta del og dele frå sine prosjekt innanfor helse, vi vil få høyre om spanande prosjekt innanfor det regionale næringslivet som går på det å tenke nytt og bærekraftig, og i det - kva rotary kan lære av det maritime og marine næringslivet på Sunnmøre. Elles vert det mykje godt rotarystoff og årsmøte som høyrer med. Mellom anna får vi ein smakebit på dei nye heimesidene samt invitasjon til pilotane på RLI – Rotary Leadership Institute.

Eg gler meg til den helga og håper at mange finn vegen til vakre Fosnavåg!

For spørsmål og påmelding; Per Arne Gjerdsbakk perarne@gjerdsbakk.no

DISTRIKTSKONFERANSEN 19 SEPT. MED M.A. 2 NOBELPRISVINNARAR !

56



Månadstema i Rotary. Juli.

Juli er både oppstart/transition month - men og «mødre og barnehelse».

Mødre og barnehelse er eitt av Rotary sine 7 fokusområder !

Eit tips ! Ta gjerne eit møte om det lokale helsetilbodet / barseltilbod på tidleg haust slik at de er oppdaterte på kva som rører seg i eiga kommune på dette området.

Hugs at klubben kan arbeide med dette i både eige område og internasjonalt - og søke midler distrikt grant eller global grants. I følge WHO dør fortsatt mange kvinner kvar dag ved graviditet eller fødsel, so dette er ei viktig sak for Rotary!

Litt nytt frå distriktsorganisasjonen.

Nyleg avgått DG Morten Mo vil som nemt over ha rolla som district trainer samt DICO (dataansvarleg) og har sammen med Torunn Elle i kommunikasjonskomiteen sentrale roller inn mot innføring av nye heimesider. Vi reknar med at der vil bli ein del spørsmål etter kvart knytt til dei nye heimesidene og arkivering. Arkivdelen er det Medlemsnett for klubben som vil vere aktuelt å bruke. Dette er ei nasjonal satsin. Vi ber klubbane om å tenkje over kva saker i dei gamle heimesidene de tenkjer er naturleg å ha med over i dei nye. Vi kallar det ei «bodydding». So gler vi oss til å få høyre og sjå meir av dette i Fosnavåg i september.

Ny Polio + koordinator er Henning Lindseth Åmot, medlem i Raufoss Rotaryklubb. Han har deler av siste året samarbeidd med Lidun Hareide i sonen i tillegg til president i eigen klubb. Polio + er ein underkomite av TRF komiteen der Roald Fiksdal er leiar. Komiteen vil bidra inn mot klubbane knytt til poliokampanjene.

Nye assisterende guvernører (AG) er Wenche Åmodt Furuset (Raufoss RK), Frode Sam Hauen (Stange RK) og Berit Brendskag Lied (Molde RK). Dei vil i lag med Kristin Wangensteen (Ålesund Øst RK), Per- Arne Emdal (Stranda RK), Uno Arnesen (Kongsvinger RK) og Arild J, Evensen (Mesna RK) utgjere AG-rekka ! Bruk gjerne desse flinke folka dersom klubben har spørsmål ! Det er flinke og erfarne folk !

RLI – Rotary Leadership Institute.

5 av oss i distriktet har sertifisert oss som fasilitatorar. Vi kjem med meir informasjon om RLI på distriktskonferansen i Fosnavåg. Men det som er bestemt er at vi legg opp til første pilot i aust med oppstart i slutten av oktober (tre dags-samlingar i perioden oktober til januar). I vest ser vi føre oss å teste ut to-dagars modellen ei helg i april. Deretter vil vi sjå kva for ein modell som høver vårt distrikt best. 2 eller 3 dagars modellen. Det blir praktisert litt ulikt kring om i dag. Difor bra å prøve. Meir informasjon vil kome.



Fv. Oscar Høvik, Morten Samuelsen, Dagny Sjaatil, Robert Voldnes, Wenche Å.Furuset og RLI Chair Norway og instruktør Laila Lerum.

So kan eg minne oss alle om at Rotary-fellesskapet strekkjer seg over heile verda og gir spennande moglegheiter til å knyte kontaktar og få nye perspektiv. Besøk gjerne klubbar når du er ute å reiser, eller besøk klubbar i nærområdet.

Til slutt vil eg rett og slett nytte høvet til å ønske alle medlemmer ein riktig god sommar, med tid til kvile, gode opplevingar og til ny inspirasjon og so ser eg fram til å møtast att til hausten.

Ønsker Dykk alle ein rett fin sommar 😊

Helsing

Robert Arent Voldnes
Distriktsguvernør D.2305
2026/2027



Epost: robert@voldnes.no